



Årsmelding 2019 – Bjoa Bygdutviklingslag

Styret i BBU har dette året vore samansett av :

Harald Hetland (leiar), Gunnar Dalen (kasserar), Elin Arianson (skrivar), Ida Solheim Gangstø, Nils Terje Oma og Herman Westerman (fram til september 2019)

Herman Westerman trekte seg frå styret i september 2019.

Styret blei valgt på årsmøtet den 14.03.2019 og har hatt 7 møter fram til årsmøtet i dag 20.02.2020.

I tillegg til styremøter og bygdekafémøter har styret vore representert ved 2 møter i regi av SØK vedkommande tildeling/bruk/rapporterting av SØK.midlar. Styret er også representert i Bygdehusstyret ved skulen og møter fast der.

Viktige saker som styret har arbeida med er

1. Sal av inventar frå butikkdrifta på Buo.
Gjennomført april 2019
2. Avhending av gamleskulen (4H-huset)
Det har vore lyst ut etter interessentar for å overta huset. Etter at fleire meldte si interesse blei det laga kriterier for søknad om overtaking. BBU søkte og fekk innvilga løyve frå kommunen om riving og flytting av bygget. Alle søknader om å overta det gamle skulebygget blei grundig vurdert og det blei bestemt at Knut Børve og Kjersti Sandvik får overta huset i samsvar med gjennomføringsplanen som dei har utarbeida. Det er ein føresetnad at huset blir flytta i løpet av 2020. Granberg vil bistå med opprydding av tomta etter rivinga.
3. Bjoa.no
Det forrige styret hadde gjort avtale med Omega Design om utvikling av ny nettside. Herman Westerman var kontaktperson for prosjektet og la ned mykje godt arbeid i dette. Nettstaden bjoa.no blei opna 26.april. Styret i BBU er redaksjon og Gunnar Dalen har overtatt som kontaktperson etter at Herman gjekk ut av styret.

4. Gardavik-hytto.

Friluftsrådet Vest har leiinga av prosjektet, BBU er samarbeidspart. Det er arbeida vidare med skissene for den nye utestovo i Gardavik og arkitekten har gjort ferdig teikningane. Det blei søkt om men ikkje løyvd midlar frå Sparebankstiftinga til prosjektet. Det kjem nye søknadsrundar for desse og andre mogelege midlar og Friluftsrådet har tru på tildeling ved eit seinare høve. Det er innvilga rivings- og byggeløyve frå Vindafjord kommune. Det kan påreknast riving av hytta i løpet av våren 2020 og det vil då kunne bli trong for dugnadshjelp til dette.

5. Kulturstien på Utbjoa

Kulturstien går gjennom eit område med særlege restriksjonar grunna fornminne. Dette gir store utfordringar i høve til å få lov til å legge om stien for å få denne meir brukarvennleg og framkommeleg for fleire. Etter ei synfaring med representantar frå Fylket blei det klart at det er trong for ei meir nøyaktig beskriving av den nye traséen og kva inngrep denne vil kunne medføre. Kommunen er konsultert i møte, utan at dei kunne bidra med noko særleg hjelp. BBU har løyvd midlar til at prosjektgruppa kunne engasjera Agnar Naustdal til å laga ei meir nøyaktig beskriving av traséen som er peika ut. Denne er under utarbeiding.

6. Bygdekaféar

Det har vore arrangert 3 bygdakaféar i perioden. Styret meiner Bygdekaféane er viktige både som sosial møteplass og som ein kommunikasjon mellom folk i bygda der styret i BBU kan få informere om sakar det blir jobba med og få innspel til desse samt til nye saker som bygda meiner bør diskutast og evt. gjerast noko med. Bygdekaféen blir også brukt til informasjon frå bygdelista sin representant i kommunestyret. Alle kafémøtene har avsett god tid til kaffi og drøys med naboen. Den siste kaféen før jul blei arrangert i samarbeid med Sanitesforeninga. Det har vore bra frammøte på kafeane med 20-35 personar kvar gong.

7. Kommunale prisar.

BBU blei oppfordra av kommunen til å komme med framlegg til kandidatar til dei ulike kommunale prisane som blir delte ut. Styret drøfta saka og foreslo kandidatar til Omsorgs- og inkluderingsprisen og til Byggeskikkprisen.

Til omsorgs- og inkluderingsprisen foreslo vi Bjoa Sanitetsforening. I grunngevinga hevda vi mellom anna at : *«Laget har drive kontinuerleg arbeid gjennom fleire generasjonar og har vist evne til å fornya seg og til ein kvar tid tilpassa seg dei behova som er i lokalsamfunnet. Aktivitetane femner om alle aldersgrupper og dei viser ei særleg vilje og evne til å sjå og omfamne ressursane til nye innbyggjarar i bygda.»*

Til Byggeskikkprisen foreslo vi tunet til Kristin og Tomas Alvseike (den gamle handelsplassen på Utbjoa). Dette grunnnga vi mellom anna med at : *«Den gamle handelsplassen på Utbjoa har gjennom nærare 20 år blitt tatt vare på*

og restaurert til ein moderne familiebolig, samstundes som dei ytre rammene er tatt vare på, på ein slik måte at den gamle stilen er bevart. I dag framstår den gamle handelsplassen som ei perle i nærmiljøet.»

I konkurranse med mange andre gode framlegg i kommunen er vi godt nøgde med at det eine framlegget nådde heilt til topps slik at Bjoa Sanitetsforening fekk motta Omsorgs- og inkluderingsprisen for 2019.

8. Korleis få fleire til å busetje seg på Bjoa

Styret har drøfta saka ved fleire høve og har også brukt tid på bustadsanalysen som Vindafjord kommune har utarbeida. Fleire tiltak er peika på som trygging av barnehagen og skulen, trafikktryggleik, gode tilgjengelege bustader og identifisering og framelsking av det særeigne ved Bjoa. Vi har også gitt innspel til eit breibandsprosjekt som kommunen køyrer i lag med Telenor. Handlebussen til Vikebygd som kom istand som ein del av «Vakre Vindafjord»-prosjektet er forespeglad vidare drift ut over prosjektperioden. BBU vil følgja med vidare på dette slik at tilbodet om mogleg kan bli oppretthalde framover. Vidare har vi sett på måten vi tar imot nye innflyttarar på. BBU vil frå 2020 gjeninnføre personleg velkomsthelsing til nye innflyttarar og nyfødde. Vi er då avhengige av at naboar følgjer med og gir melding til styret når det skjer slike endringar i nabolaget, slik at BBU kan følgje opp.

I ei tid der mange små bygder slit med nedgang i folketalet er det viktig at vi tar vare på kvarandre me som bur her og at vi er opne og inkluderande overfor nye som måtte komme til. Alle gode idéar og innspel blir tatt vel imot i styret !

9. Boklansering

I samband med at Ernst Arne Sælevik ga ut ei praktbok om Trefartøy bidrog BBU med lanseringsfest for boka. Det blei eit særstøvellukka arrangement der forsamlingshuset Haugsbu var fullstappa med framømte og der også Ordføraren møtte for å kaste glans over arrangementet.

10. Bygdehuskjellaren.

I samband med oppgraderingsprosjektet som 4H har tatt initiativ til har styret i BBU løyvd midlar til dette. Det har samstundes blitt etterspurd ein skriftleg avtale mellom kommunen og bygda for bruken av kjellaren. Ein slik avtale skulle lagast då bygget var nytt . Avtalen blei ikkje underskriven den gongen og blei tatt fram igjen no. Husstyret har jobba med å få ferdigstilt ein skriftleg avtale med kommunen. Dette arbeidet har ikkje blitt prioritert frå kommunen si side i løpet av året og husstyret har tatt kontakt mange gonger. Husstyret har lagt fram forslag til avtale. På siste møte i husstyret før jul kom det svar frå kommunen og no ser vi fram til å få i hamn ein skriftleg avtale. På dette grunnlaget har 4H fått klarsignal til å setja i gong oppgraderingsarbeidet

Valg:

Heile styret står på val. Styret meiner er uheldig at denne situasjonen har oppstått.

Styret jobbar godt i lag og alle vil stilla til gjenvalg.

Desse stiller til gjenvalg for 2 år: Gunnar Dalen og Ida Solheim

Desse stiller til gjenvalg for 1 år: Harald Hetland, Nils Terje Oma, Elin Arianson

Valnemd: Inga Elise Steinsland (1 år), Eling Hetland (2 år) , Kjartan Innbjo (3 år)

Revisor : Anita S. Hansen (på val kvart år)

Bjoa den 20.02.2020

Harald Hetland (leiar)

Gunnar Dalen (kasserar)

Ida Gangstø Solheim (styremedlem)

Nils Terje Oma (styremedlem)

Elin Arianson (skrivar)